

■ Samde i kritikken frå utlandet ■ Vil ha djuptgripande endringar

# Refsar barnevernet

**BARNEVERN:** - Det er to typar overgrep mot barn. Frå foreldre og frå barnevernet.

FRODE GRIMELID  
frode.grimelid@firda.no  
916 15 460

I sommar gjekk fagfolk ut mot norsk barnevern. Over 170 har signert uromeldinga som er skriven av psykolog Einar Salvesen og menneskerettsekspert Gro Hillestad Thune.

## Kommunalt overtramp

Salvesen seier han har sett sakspapira frå barnevernet i saka frå Naustdal. Han er heilt tydeleg på to ting. Han ville, som barnevernet, reagert på dei uromeldingane som har komme inn. Men han er like tydeleg på at handlingane til barnevernet er grove overtramp:

- Her er det all grunn for barnevernet til å ta aksjon, men det er måten det skjer på eg er djupt og inderleg ueinig i.

Salvesen har vore sakkunnig i mange barnevernssaker og har arbeidd tett med barnevernet.

- Om det er nødvendig å gripe inn, korleis burde ein gjere det?

- Dei kunne ha sett inn ein fagperson i heimen, eventuelt 24 timar i døgnet. Det ville koste mindre, avklare samspelet mellom foreldre og barn, og det kunne vere ein læringssituasjon, seier Salvesen.

Når slike mildare tiltak som dialog og hjelp ikkje blir brukte, meiner Salvesen det er ein svikt i det første og viktigaste leddet.

## Politi eller barnevern

Thune kjenner ikkje detaljane i saka i Naustdal, men har arbeidd med barnevernssaker i ei årrekke. Ho skildrar ei stor endring i korleis barnevernet fungerer. Frå foreldrehjelp på 80-talet, til ei slags politiverksemnd i dag. På generelt grunnlag meiner ho barnevernet gjer store inngrep i familiar, utan same type kontroll som det vanlege politiet må ha.

- For å gå inn i eit hus og sjå etter narkotika må ein ha ransakingsordre frå ein domstol.



**URO:** Psykolog Einar Salvesen, her i samband med oversending av uromelding til Barne-, likestillings- og inkluderingsminister Solveig Horne i fjor sommar. **FOTO: DAN P. NEEGAARD/SCANPIX**

Samtidig kan kommunalt tilsette hente ut born utan moglegheit for overprøving på førehand, seier ho, og meiner dette minner om eit forlenga etterforsningsledd, men utan kompetanse på etterforskning.

- Rådmann og Fylkesmann seier at alt har gått etter boka, kva tenker du om det?

- Du kan helse og seie at sjølv om ting skjer etter boka, så er det ikkje sikkert at menneskerettane er respekterte.

- Er du samd i kritikken frå utlandet, om at det norske systemet strir med menneskerettane?

- Eg trur det er ei lykke at vi har fått demonstrasjonane. Rettstryggleiken er mykje dårlegare for barn og foreldre i

kontakt med barnevernet, enn for dei som skal straffast og settast i fengsel, seier Thune, som vil ha meir foreldrehjelp og mindre foreldrekontroll.

## Vil opne opp systemet

Men korleis burde det då fungere i staden? Thune meiner systemet må opnast opp. Og at politikarane må skaffe seg meir kunnskap om kva som føregår.

- Vi treng meir erfaringskunnskap. Myndighetene må sjå på korleis sakkunnige blir valde, kva som skjer når søsken blir skilde frå kvarandre, og korleis uromeldingar blir handsama. Eg har ikkje alle svar, og er først og fremst opptatt av at samfunnet erkjenner at vi har

eit alvorleg problem. Det norske folk må få vite meir om kva som skjer bak dei lukka dørene.

Både Thune og Salvesen seier at dei dagleg får telefonar frå fortvilte menneske. Telefonane kjem også frå utanlandsk presse, som ikkje forstår korleis Norge kan sjå på alle demonstrasjonane utan å bli uroa.

- Vi må slutte å tru at alle protestane handlar om kulturskilnader, og at vi i Norge veit best korleis vi skal handsame born. Norge treng eit barnevern, og det skjer mykje bra, men vi må akseptere at det er to typar overgrep: Frå foreldre, og frå systemet som er betalt for å hjelpe dei. Det kan vi ikkje leve med, seier Thune.



**KRITISK:** Gro Hillestad Thune er menneskerettsekspert **FOTO: PRIVAT**



**RÅDMANN:** Øyvind Bang-Olsen

**FOTO: BENT ARE IVERSEN**

## - Forventar fagdebatt

**Rådmannen ber dei som uttalar seg om barnevern respektere skiljet mellom konkrete saker og fagleg debatt.**

Tieplikta gjer det vanskeleg å kommentere slike innspel, men han står fast på at retningslinjene er følgde og at barnevernet i Naustdal gjer ein god og solid jobb i tråd med dagens faglege ståstad.

Likevel forventar han at saka i Naustdal, og i andre kommu-

nar som har fått stor merksemd, vil få eit etterspel.

- Det er problematisk for kommunen å svare på fagleg debatt midt i ei konkret sak, men slik barnevernssakene utviklar seg forventar eg at kommunen vil bli stilt spørsmål knytt til handsaming i ettertid. Det ser eg som naturleg, seier rådmann i Naustdal Øyvind Bang-Olsen.

Han meiner rettstryggleiken er varetatt med fylkesnemndene sin overprøvingsrett. Der sit det folk med kompetanse på

barnevern og dommarkompetanse. I tida mellom eit akuttvedtak og handsaming av fylkesnemnda skal det også vere bestemte kontaktpersonar som skal sikre borna sine interesser. Sakkunnige skal også seie sitt.

- Det må vere respekt for dei som står midt i krysspreset mellom dei konkrete sakene, dagens retningslinjer, og den faglege debatten.

Det eit mål for kommunen å få ei raskast mogleg, men for svarleg, avslutning på saka, seier Bang-Olsen.